

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 12.05.2021

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP OG  
ÅRSMELDING 2020 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2020 FOR  
KONTROLLUTVALET I GULEN
- KOMMUNAL GARANTI. BRANDANGERSUND  
VASSVERK SA
- NY SAMARBEIDSAVTALE OM PPT
- GODKJENNING AV AVTALE OM KJØP AV GRUNN
- SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT
- RETNINGSLINER FOR ØKONOMISKE  
STØTTEORDNINGAR TIL LANDBRUKET
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET  
FOR 2021

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik  
kl. 10.00  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen,  
og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

## Frå ordføraren

Kjære alle.

Våren er her, og planlegginga for 17. mai er godt i gang i dei fleste bygdene våre. Diverre vert det slik i år som i fjar at vi ikkje kan ha den feiringa vi ynskjer. Få av oss tenkte at koronaepedemien skulle vere så lenge, og at vi må ha dei strenge restrekjonane framleis. Men no er vaksineringa godt i gang, så då er det lys i tunnelen. Vi må berre halde ut ei stund til.

Vi i kommunen jobbar mykje med planar for tida. Vi held på med arealplan, samfunnsplan og ein felles plan for sjøareala i lag med Nordhordlandkommunane. I dette arbeidet er det viktig at vi får innspel frå

innbyggjarane våre, og det er lagt opp til høyringar. Kom med innspel på korleis de vil at kommunen vår skal sjå ut i framtida.

I økonomiplanen for Gulen er det sett av 5 mill kr. kvart år i åra 2022 og 2023 til eit byggefelt i søre del av kommunen. Der håpar vi at vi kan få til eit samarbeid med kommunen og private utbyggjarar slik vi hadde i Prestesundet bustadfelt. Dersom nokon er interessert i å stå for utbygginga, så må de ta kontakt med kommunen, med store utbyggingar i næring, og mange nye arbeidsplassar, så vi må tilrettelege for bustader.

Ortneset bustadfelt i Brekke er også snart klart. Vi er i innspurten med reguleringsplanen, og det vert flotte og attraktive bustadtomtar der også.

Det er gledeleg å sjå at Gulenskyss er tildelt kontrakten på drift av ambulansebåter stasjonert både i Solund og Florø. Det er godt å sjå at eit Gulenselskap hevdar seg godt i konkurransen. Lukke til, de er dyktige.

Så vil eg få ynskje dykk alle ei god 17. mai, og nyt dagen ilag med dykkar nærmaste.

Hallvard Oppedal.

## Informasjon om koronavaksinering i Gulen kommune

### Status for Gulen:

Prioriteringsgruppe 1;

Bebuarar i sjukheim har alle fått tilbod om vaksine. Dei som har komme inn på korttidsopphold har fått tilbod fortløpande.

Prioriteringsgruppe 2;

I aldersgruppa 85 + har 94% fått første dose og 90% er fullvaksinerte med to doser.

### Prioriteringsgruppe 3;

I aldersgruppa 75-85år har 96 % fått første dose og 37 % er fullvaksinerte med to doser.

### Prioriteringsgruppe 4;

I aldersgruppa 65 -75år har no 68 % fått første dose og alle vil i løpet av veke 18 ha fått tilbod om vaksinering.

### Prioriteringsgruppe 5;

Personar i aldersgruppa 55-64 år med underliggende sjukdommar / tilstandar vil få tilbod om vaksinering frå v 18 og 19. Det er klare føringar for FHI kven som kjem inn under denne gruppa og me fylgjer nasjonale råd i forhold til det.

### Prioriteringsgruppe 6, 7, 8 og 9;

Vil bli fortløpende kontakta når det blir deira tur. Det er enda uvist når me startar vaksinering av desse gruppene utover våren/sommaren.

Gulen kommune får pr. i dag tildelt vaksinar frå Pfizer og ein får veke for veke vite kor mange dosar ein får tildelt. Innkalling til vaksinering vil derfor skje ca ei veke før timeavtale. Me har alltid vara-lister for kvar vaksinasjon slik at ein sikrar at alle dosar blir nytta.

Så langt har Gulen kommune sett 595 doser med Pfizer- vaksine.

Det er i tillegg sett 130 doser av AstraZeneca- vaksine til helsepersonell og personar med risikofaktorar i prioriteringsgruppe 5. AstraZeneca- vaksina er pr i dag sett på vent inn til 10 mai.

### Praktisk informasjon om koronavaksineringa framover;

All vaksinering vil vidare vere på Dalsøyra samfunnshus på onsdagar.

Du vil bli kontakta når det er din tur!

Det vil bli sendt ut SMS med timeavtale ca. 1 veke før tildelt time til vaksinering.

Dei i aldersgruppa 75-85år som alt har fått tildelt time for vaksinering av andre dose, forheld seg til dei avtaler som der er gjort.

**Me vil trenge frivillige;** Røde Kors hjelper til som frivillige kvar onsdag, men me vil trenge fleire frivillige som kan hjelpe dei framover.

Me treng deg som er raus, strukturert, tydleg og eit godt medmenneske for at massevaksinasjon i ein pandemi skal fungere godt!.

Oppgåva til den frivillige vil være;

- Registrere dei som kjem, tildele plass og sikre at ein opprettheld smittevernrutinar.
- Ha eit overblikk over dei vaksinerte og tilkalle helsepersonell om nødvendig.
- Hjelpe til med lett reinhald og smittevernrutinar under vaksineringa.

Ein treng også frivillige til å vere parkeringsvakter.

Så har du ledig tid og har lyst til å bidra med ein viktig rolle i pandemi dugnaden, ta kontakt med;

Kristin K. Rasch på frivilligsentralen på tlf; 90104139.

Meir informasjon om koronavaksineringa i Gulen kommune finn du på våre heimesider.

Siste nytt om korona og koronavaksinasjon finn du alltid på; [www.fhi.no](http://www.fhi.no)

Mvh

Anita Pettersen  
- Smittevernlege –

Linda M. Hantveit  
- Koronavaksinasjonskoordinator –

### Samfunnsplan for Gulen kommune – korleis vil du at kommunen skal vere i 2034

Samfunnsplanen for Gulen kommune skal skildre mål og strategiar som kommunen skal bli styrt etter i eit langsiktig perspektiv. I heile 2021 vil vi arbeide med kva som skal inn i ny samfunnsplan for perioden 2022-2034.

Planen skal dekke heile kommunen sitt samfunnsoppdrag. Stikkord er folkehelse, arealutvikling, miljø- og klima,

næringsutvikling, gode oppvekstvilkår, Leve hele livet osb.

Du vil finne meir informasjon på kommunen si heimeside; [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no). Her finn du mellom anna prosjektplan, kommunikasjons- og informasjonstrategi, innkallingar til folkemøte og oversikt over avgjerspunkt i dei politiske organ.

Innspel - Kva er viktig for deg at kommunen sett fokus på?

For å få ein god samfunnsplan er det viktig å få innspel frå alle som har tilknyting til kommunen. Send innspel til ny samfunnsplan til Gulen kommunen via: e-post: [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) eller til postadresse: Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 Eivindvik

## Nytt frå Gulen helsestasjon- og skulehelseteneste

Gulen helsestasjon søkte og fekk midlar frå Helsedirektoratet til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta i perioden 2018-2021.

Vi har i denne perioden hatt fokus på auka kompetanse og tilgjengeleghet. Dette har vi fått til ved hjelp av tilsetting av spesialsjukepleiar i 100% prosjektstilling.

Dette er ein del av det vi har vi oppnådd:

- Auka tilgjengeleghet på alle skulane våre med kontordag for helsestasjonar kvar veke.
- Auka kompetanse frå RVTS om vold og overgrep i nære relasjonar for tenester som jobbar med barn og unge.
- Auka fokus og kompetanse på foreldrerettleiing. Utdanna foreldrerettleiarar.
- Etablert fast samarbeid med barnehagar, skular, fysioterapeut, fastlegar.
- Etablert fast undervisningsopplegg om «Psykologisk førstehjelp» på trinn 2, 5 og 8.
- Etablert «Uke 6» - undervisningsopplegg på alle trinn. Undervisning om kropp, pubertet, seksualitet.
- Større kapasitet til å delta og gje innspel i høve planar som gjeld barn og unge.

- Medverka i årleg gjennomføring av «Verdensdagen for psykisk helse» i samarbeid med andre tenester
- Har fått oppdatert rutiner i høve «Nye retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetjenesten»
- Med auka ressurser har vi større kapasitet til å ta del i endringar og utfordringar i helsetenestene, til dømes under pågående koronapandemi med koordinering, vaksinering, smittevern m.m.

Prosjektet vart avslutta 31.03.21. Prosjektstillinga vart frå 01.04.21 vidareført som fast stilling for helsestasjonar. Gulen kommune har tilsett Elisabeth Rahner i 100% stilling som helsestasjonar.

Vi ynskjer Elisabeth velkommen på laget og gler oss over at barn og unge i Gulen har fått eit utvida lavterskelttilbod innan forebyggande og helsefremmende tenester.

Hennie K. Lefdal  
Leiande helsestasjonar

Linda M. Hantveit  
Helsestasjonar

## Kunstutstilling på Gulatinget

På sjølvaste pinseafsta har vi den store glede til å invitere dykk til kunstutstilling på Gulatinget.

Det er 3 ulike og veldig spanande kunstnarar vi har invitert til Gulatinget, fellesnemnar er at dei har det vestlandske med seg i kunsten sin. Det er to biletkunstnarar og ein «steingal « brukskunstnar.

Frode Dæmring frå Bergen , er malar innanfor klassisk figurativ stil . Han malar med oljemaling på lærret, og han har vore elev hos Odd Nerdrum.

Frode Holst er frå Oslo, men bur og arbeidar i Hyllestad kor han har atelier i den gamle prestegarden i sentrum. Han er utdanna grafisk designer , er sjølvlærd som malar med unntak av eit år ved Kunstskulen i Bergen (KIB). Arbeidar for det meste i olje og akryl ,inspirert av det varierte vestnorske landskap. Arbeidar også ein del med trykk (monotypi).

Torbjørn Løland (Hyllestad) i Åfordstein har arbeid både praktisk og teoretisk med stein i ei årrekke, og er i dag ein velkjent fagmann innafor feltet. Med blikk for detaljar og djup forståing for materialet forvandlar han sjølv den kjedelegaste gråstein til unike produkt. Produkt frå Åfjordstein er meir enn ein kakespade, klokke, ein telyshaldar, eller eit smykke. Kvar einskild gjenstand er unik, og eit resultat av samspelet med lokale råvarer, presist handverk og årelang tradisjon.



Kunstutstillinga er open 22. og 23. mai kl 12- 16.

Ver velkommen !

## Stortings- og sametingsvalet 2021



Den 13.09.2021 er det stortings- og sametingsval i Noreg.

### Kven har røysterett?

Du må

- vere norsk statsborgar
- vere fylt 18 år innan utgangen av valåret
- vere, eller nokon gong ha vore, folkeregisterført som busett i Noreg
- ikkje har mist røysteretten din etter Grunnlova § 53
- stå innført i manntalet i ein kommune

### Veljarar busette i Noreg

Alle personar med røysterett blir automatisk ført inn i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busette 30.06.2021.

Dersom du har meldt flytting til ein annan kommune etter 30.06.2021, er du framleis registrert i manntalet og har røysterett i den kommunen du flytte frå.

Husk å melde flytting! Dette gjer du elektronisk på skatteetaten sine nettsider.

## Kompensasjonsordning for verksemder som er råka av pandemien i Gulen kommune

### Gulen kommune oppfordrar verksemder i kommunen til å søke

Gulen kommune har fått tildelt tilskot frå staten for å sikre stønad til lokale verksemder som er råka av strenge smitteverntiltak. Bak dette ligg det til dømes

- Kompensere kostnadene som følgje av smitteverntiltak.
- Tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging.
- Stønad til reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringane.
- Andre verksemder som av ulike årsaker fell utanfor generelle kompensasjonsordningar.
- Selskap som har stor omsetnadssvikt i 2021
  - Destinasjonsselskap og andre fellestiltak for reiselivet.
  - Autoristert besøkssentre for natur og verdsarv.

Gulen kommune oppfordrar kriseråka verksemder i kommunen til å søke.

For handsaming av søknadene tek ein utgangspunkt i desse føresetnadane :

- Forretningsadresse og verksemd i Gulen kommune
- Ordninga gjeld stønad til å dekkje faste kostnadene.
- Verksemda må ha eit inntektstap på meir enn 30%.

Skulle di verksemd vere råka av smitteverntiltak, utan at de kan dokumentere omsetningssvikt som skissert, kan de likevel søkje om støtte.

Verksemda må i så fall gi ei ekstra grunngjeving for søknaden, og spesifisere kvar for seg

- kostnadene som følgje av smitteverntiltak, og eventuelt

- andre utgiftar/ tap som følgje av pandemien.

Saka vil då bli forelagt formannskapet, som vil vurdere nærmare kva type verksemder som fell inn under ordninga. Formannskapet er fondstyre og avgjer søknadar til ordninga.

### **Frist for komande formannskapsmøte er onsdag 19. mai.**

Kompensasjonsordninga vil vere gjeldande frå 1. mars 2021 til 1. september 2021, eller til tilskotet er brukt opp (før 1. september).

### **Info om slamtømming**

NORVA24 utfører den praktiske delen av slamtømming for Gulen kommune.

Dersom du lurer på når tanken din var tømt sist, eller når den skal tömmast neste gang, kan du gå inn på [www.mintank.no/gulen](http://www.mintank.no/gulen) og søke opp denne informasjonen på gards- og bruksnummeret ditt.

Ikkje kast bleier, våtserviettar, Q-tips og liknande i toalettet! Dette skaper problem for den vidare handsaminga av slammet. Vi minner og om at det er eigar av tanken som har ansvar for at den er i forsvarleg stand. Det må ikkje vere lekkasjar frå avløpsanlegget ditt, og lok må vere sikra slik at ikkje nokon kan falle ned i tanken.

### **Manglar eigedomen din i kartet?**

Gulen kommune vil i år starte eit prosjekt der vi prøver å kartfeste manglande eigedomar i matrikkelkartet. Matrikkelen er Noreg sitt offisielle eiendomsregister, med informasjon om eiendomsgrenser, areal, bygningar og adresser. Den er delt inn i ein registerdel og ein kartdel. Etter at kommunane i landet fekk oppmålingsplikt etter Delingslova i 1980, vart alle eigedomar frådelte etter den tid, nøyaktig innmålt og kartfesta. Eigedomar før 1980 vart frådelte ved skylddelingar. Då vart grensene gått opp av 3 skylddelingsmenn, og merka med krossar eller merksteinar, men grensene vart ikkje kartfesta. Her var ein avhengig av at eigar merka grensepunkta sine med kvit malig eller kvite papplater i ettertid, då det var flyfotografering for nykartlegging i kommunen. På den måten kunne ein sjå att grensepunkta i flybileta, og dermed òg få dei kartfesta. Dersom ikkje eigarane gjorde dette, ville eigedomen berre stå i matrikkelen sin registerdel (og i grunnboka), og ikkje i kartet.

I Gulen har vi rundt 160 eigedomar som ikkje ligg i kartet. I tillegg har vi rundt 260 eigedomar som ligg inne som såkalla «sirkeleigedomar». Her veit vi at det ligg ein eigedom, men grensene er ukjende. I Prosjektet i år vil vi prioritere dei som ikkje ligg i kartet i det heile. Dei dette gjeld, vil i løpet av våren/sommaren få tilsendt brev med nærmare orientering om korleis få eigedomen i kartet. Utfallet kan òg bli at eigedomen ikkje lenger er aktuell å ha, og at han kan setjast som utgått i matrikkelen sin registerdel.

### **Info frå Hukommelsteamet**

#### **Å leve med demens**

Aldring og Helse er ei nasjonal kompetanseteneste som arbeider med aldersrelaterte tilstandar og sjukdommar. Eit av fagområda deira er demens. Korleislivet vert etter ein har fått ein demensdiagnose er der ingen fasit på. Det einaste ein veit er at diagnosen endrar både kvardagen og livet - både for den det gjeld og omgjevnadane. Inne på nettsidene til aldring og helse kan ein sjå små videosnuttar om «å leve med demens», samt finne ulike verktøy som kan hjelpe ein å meistre kvardagen med demens.

<https://www.aldringoghelse.no/demens/a-leve-med-demens/>

Har du spørsmål om demens?

**23 12 00 40**  
**Demenslinjen**

E-post: [demenslinjen@nasjonalforeningen.no](mailto:demenslinjen@nasjonalforeningen.no)

Hukommelsteamet i Gulen: Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

### **Info frå Sone Eivindvik – Gulen sjukeheim**

#### **Hjarteleg takk:**

Gulen sjukeheim/langtidsavdelinga vil med dette få rette ei stor takk for minnegåva vi har motteke ifb. med Inga Søreide sin bortgang.

Med venleg helsing bebuarar og personell v/einingsleiar Nina Haveland


## Info frå PU-tenesta

### Velferdsteknologi

Gulen kommune er no ein av 6 spydspiss kommunar i Vestland fylke som har meldt seg inn i eit prosjektet som heiter;:

«Velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsvansker». Gulen kommune har problemstillinga « samarbeid og kommunikasjon».

Prosjektet omhandler teknologi som kan nyttast i samarbeid og som kommunikasjonsmiddel mellom barn og unge med nedsett funksjonsvansker, oppvekst-sektoren, PU-tenesta, pårørande til barn og unge med nedsett funksjonsevne.



Velferdsteknologi betyr heilheitleg fokus på barnets kvardag, heile døgnet, heile veka og heile livsløpet. Prosjektet er eit tverrsektorielt samarbeid som vil gje rettleiing til utprøving og innføring av velferdsteknologi til barn og unge med funksjonsnedsetting.

Prosjektet hadde oppstart i mars 2021, og vil vare 1 år- og det er danna ei arbeidsgruppe med fleire samarbeidspartar, som oppvekst-sektoren, PU-tenesta, Helsejukepleier og pårørande til barn og unge med funksjonsnedsetting.

### Fagutvikling i PU tenesta i Gulen

PU tenesta er no i gang med perm nr. 2 i Mitt livs ABC. Mitt livs ABC er eit opplæringsprogram som er utarbeid av Nasjonal kompetansesenter på oppdrag av og i samarbeid med Helsedirektoratet. Viktige tema i denne opplæringa er: kunnskap om utviklingshemming, kommunikasjon, etikk og aktuelle lovverk

blant mange andre. 19 tilsette har gjennomført opplæringa i perm nr.1. 15 tilsette er no i gang med perm nr.2. Kvar perm inneholder 10 tema. Dette er eit kunnskapsløft for alle som jobbar med menneske med spesielle behov.



## Info frå Gulen Frivilligsentral



### BUA

Bua Gulen er i ferd med å bli etablert. Vi skal innlosjere oss på Dalsøyra, men må setje i stand bygget. Som ei midlertidig løysing for lager har vi fått låne ein garderobe på Eivindvik skule.




No er våren her 😊 og me har kjøpt inn nokre juniorsyklar og hjelmer, og vi venter på fleire syklar.

I tillegg har vi turutstyr som lavo, stormkjøkken, soveposer, liggeunderlag og fiskestenger.

Bua er for alle! Vi låner ut gratis aktivitetsutstyr. Utover året skal vi kjøpe inn masse meir kjekt utstyr som du kan låne.

Ta kontakt med Vivian eller Kristin på Gulen frivilligsentral for å avtale henting.

Vi håper å vere på plass på Dalsøyra i løpet av sommar/ hausten 2021 då blir det faste opningstider. Vi gleder oss!!




Ta kontakt om du lurer på noko.

Vivian Våge 92622607

Kristin Kvamme Rasch 90104139

### Aktiv på Dagstid

«Aktiv på Dagtid» er for alle aldersgrupper. Det kan vere ulike grunnar til ein er heime på dagtid. Ein kan vere pensjonist, ufør, friperiode, rehabilitering m.m. Alle er velkommen til ein dag med fysisk aktivitet og sosialt samvær. I desse koronatider er det viktig vi alle tar ansvar og fylgjer smittevernreglane, i tillegg er det viktig at vi tek vare på oss sjølv og vår fysisk og mentale helse. Ta med mat og drikke om du ynskjer.



Vi har desse turgruppene

Brekke – mandag kl 11-13

Dalsøyra -mandag kl 11-13

Eidsbotn -tirsdag kl 11-13

Eivindvik- onsdag kl 11-13

### Datakafè

Gulen frivilligsentral har fått prosjektmidlar for å drive dataopplæring for seniorar under pandemien.

Den digitale verda er viktigare no ein nokongong. Året 2020/21 har vist oss kor viktig kunnskap innan den digitale verda er. Vi vil henge med på nyhetsbiletet i innland og utland, motta informasjon frå det offentlige, og no under pandemien treng me digital kunnskap for å vere sosiale og snakke og sjå vore nære og kjære.

Vi har i dag Datakafè i Eivindvik. Vi har no start datakafè på Byrknes. Første treff på Byrknes var ved Byrknes skule onsdag 28.04.21. Sjå meir info på Gulen kommune si heime side under *aktivitetskalender*. Eller kontakt Jan Ove Einebærholm.

Ta med data, mobil eller nettbrett. Vi held smittevernsutstyr og har trivelege og flinke frivillige som hjelper dykk. Det er gratis å delta, og vi har kaffi på kanna. Max 10 personar.



Kontaktpersonar:  
Byrknes: Jan Ove Einebærholm: 934 99 273  
Eivindvik: Annabelle Butz : 402 07 978

## Serviceskyss



# Serviceskyss

- frå dør til dør for alle som treng det

#### Enkelt å bruke:

- Ring og bestill seinast dagen før innan eit fast tidspunkt
- Du vert henta heime og køyrd frå dør til dør
- Pris kr 30,- kvar veg

Vi er her for deg. God tur!

Ruter og telefonnummer for ditt distrikt:  
sjå [kringom.no/serviceskyss](http://kringom.no/serviceskyss)



Serviceskyss

Gulen kommune

Serviceskyssruter i Gulen kommune

	Dagar ruta går	Til sentrum	Frå sentrum
Sande - Ånneland - Mjømna - Byrknesøy	Fredag i partalsveker	10.00	12.00
Furnes - Slevåg - Dalsbygda - Dalsøyra- Eidsbotn - Slevåg	Fredag	13.10	14.15
Dingja - Eivindvik	Fredag	09.40	12.00
Brosvik- Rutledal - Haveland - Eivindvik	Fredag	10.30	12.30
Indre Oppedal - Kringla - Brekke	Fredag	11.00	13.00

#### Tinging

Alle som skal vere med serviceskyssruta må tingje seinast kl. 18.00 kvelden før.  
Tinging skjer på telefon 57 78 31 00 (val 1-4).

#### Eigenandel

Eigenandel for passasjerar er kr 30 pr tur.

## Dette skjer i kyrkja

### 02.05.

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Alværa misjonssenter



### 09.05

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

### 23.05

Tusenårstaden Gulatinget kl. 11.00, v/ Per Børge Hillestad, pinsedag.  
Offer: NMS

### 24.05

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Sande grendelag

### 30.05

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Misjonærprosjektet i Mali

### 13.06

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

### 20.06

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad, utegudsteneste på Sande.  
Offer: Kirkens bymisjon

### 20.06

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

### 27.06

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.  
Offer: Misjonærprosjektet i Mali